

Numedalslaget

NUMEDØLEN



September 2010



Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 11.02.2010

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Ragnhild Landerud, Bjørg Undebakke, Svein Aasen.

1. Opning

Svein Aasen opna møtet og ønskte velkommen.

2. Konstituering

Øyvind Bergset blei valt til møteleiar. Reidun og Knut Kjønaas blei oppnemnde til å skrive under protokollen. Ragnhild Landerud var referent.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4.Årsmelding 2009

Årsmelding 2009 blei lese opp av Ragnhild Landerud

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Begge årsmeldingane blei godkjende.

5.Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2009, underteikna av kasserar og revisor 04.02.2010

Rekneskapen for 2009 blei godkjent.

6.Medlemspengar 2011

Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU, (som vedteke tidlegare år).

7.Festskrift



Jubileumskomiteen held fram arbeidet med festskriftet, og har fått informasjon om ulike bilete, tekstar m.m. Laget har framleis tilskotet på kr.10000,- til dette arbeidet ståande.

8.Innkomne framlegg

Ingen innkomne framlegg

9.Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Styremedlemmane Svein Aasen (kasserar) og Alf Åmot tok attval, periode på 2 år.

Varamedlem Bjørg Undebakke tok attval, periode 1 år

Hyttestyret: Lars Peder Larsgård og Alf Åmot tok attval , periode 2 år.

Folkedansgruppa: Svein Aasen tok attval. Oddmund Vestenfor gjekk ut, og Kenneth de Gala er nytt medlem, periode 2 år

Redaksjon Numedølen:Lars Peder Larsgaard, Kjersti Aasen og Nils Øyvind Bergset tok attval, periode 2 år

Revisor: Aasmund Flo tok attval, periode 1 år.

Lotterifond: Walborg Tuft tok attval, periode 2 år

Fanevakter: Jøran Stryse og Svein Aasen tok attval, periode 2 år

Valkomite: Knut Kjønås, Bjørg Undebakke og Kjersti Aasen tok attval, periode 1 år.

Ragnhild Landerud (referent), Knut Kjønås og Reidun Kjønås
(Protokollvitner)



Årsmelding 01.01. – 31.12.2009

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.

Tillitsvalde i 2009: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 42 medlemmar.

Det er 4 æresmedlemmar: Reidar Fønnebø, Svein Nørstebø, Jøran Stryse og Gunnar Ulbåsen,

og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Laget har 9 bimedlemmar (hovedmedlem i eit anna lag i NU/BLS).

Totalt har da laget 51 medlemmar

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 2 styremøter / arbeidsmøter + årsmøte 12.02.
- Rååfiskfest og jubileumsfest på Røa Samfunnshus 31.01.
- Markering av 100-årsdag for stiftelsen av Numedalslaget 26.11.
- Ingen fellestur til Lagshytta i Lommedalen i år.
- Ingen utsending av Lagsavisa "Numedølen" i år.
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.



Rååfiskfest og jubileumsfest 31. januar 2009

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var 108 personar til bords, av desse var 88 fullt betalande

Attåt fisken var det både kling, mandelpotet, lauk og rømme. Til kaffen var det jubileumskake (marsipan)

Knut Kjønnaas var toastmaster.

Festtalar var tidlegare ordførar i Oslo, Per Ditlef Simonsen

Følgjande personar blei heidra for stor innsats for laget:

Fortenestemerke: Nils Øyvind Bergset, Aasmund Flo, Lars Peder Larsgaard.

Æresmedlem: Reidun Kjønnaas, Knut Kjønnaas, Svein Aasen

Musikken sto Traaens kvartett frå Rollag for.

Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2009

100-årsfeiring 26.11.2009

Dagen blei markert med middag på Sanguine Brasserie i Operaen. 17 frammøtte hadde eit godt og triveleg måltid.

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no.

Eller på Numedalsweben under: lag/foreninger på nett (andre)
www.numedal.net/

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger.



numedalslaget i oslo

Årsmelding for folkedansgruppa i 2009

Folkedansgruppa har i 2009 vore leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Oddmund Vestenfor vore med. Vi har ikkje hatt eigne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen sit som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 18 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 10 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Når han har hatt fravær har Kjersti Aasen vore instruktør. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen slik som steg, svikt, særskilde turar og diskuterer og prøvar ut. Vi startar øvingane kl. 19.00 og driv på til 21.30, med berre ei halvtimes pause.

Kenneth de Gala spelar fast på øvingane. Birgit Kollandsrud Friis, Elise Hildrum og Gunhild Haugjorden har spelt sjøfløyte på ei øving.

Totalt sett har det vore 72 frammøter på øvingane, 36 færre enn året før. Desse tala må sjåast i lys av at ei av øvingane i mai vart avlyst på grunn av mangel på spelemann. 19 ulike personar har møtt fram, 8 gutar og 11 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 4 personar per øving. Det minste antal frammøtte på ei øving var 2, og det meste var 8.

Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på to folkedanskveldar. Desse kveldane har vi hatt minikurs i Numedalsgangar i pausa. På desse kveldane er det gamaldansgruppa Husk som spelar, og to av medlemmene der kjem frå Veggli: Ole Runar og Bjørn Inge Bekkeseth.

Fleire av dei som har vore med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Birgit Kollandsrud Friis, Kenneth de Gala, Ellen Grøttheim Krokstrand, Bjørgulf Aasen, Arna Desser og Oddmund Vestenfor. Par frå



numedalslaget i oslo

Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Buskerudkappleik på Bolkesjø, NM i folkemusikk på Geilo/Ål, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken med gode resultat.

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Markenskappleiken vart vi nummer 2 av 3 lag. På NM i folkemusikk vart vi nummer 4 av 31 lag! På Oslokappleiken vann vi foran 4 andre lag og fekk andre napp i vandrepemien.

Oslo 5/2-2010

Nils Øyvind Bergset

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalgte i 2010

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan,58, 0673 Oslo	
	e-mail:svein.aasen@multiconsult.no	
Styremedlemmer:	Ragnhild Landerud	45 01 91 36
	Kongeveien 45,1412 Sofiemyr	
	e-mail:landerud@c2i.net	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Ivan Bjørndalsgt.4, 0472 Oslo	
	e-mail:niloberg@online.no	
	Alf Åmot	95 74 20 97
	Krokliveien 52, 0584 Oslo	
	e-mail:alf.kaare.aamot@live.no	
	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Jenshaugvn.11,1363 Høvik	
	e-mail:lars.peder.larsgaard@multiconsult.no	
Varamedl.:	Björg Undebakke	97 75 40 18
	Starvn. 76 A, 1088 Oslo	
	e-mail:bjorg.tora.undebakke@nrk.no	
Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Levor Traaen	67 13 47 19
	Tillesløkka 13, 1349 Rykkinn	
	Olav Mogan	22 28 27 82
	Nordstrandvn. 26, 1163 Oslo	



numedalslaget i oslo

	Alf Åmot	95 74 20 97
Folkedansgruppa:	Nils Øyvind Bergset (leiar)	41 63 95 67
	Svein Aasen	48 29 99 81
	Kenneth de Gala	99 64 28 09
	Gamle Bygdev.168D,1284 Oslo	
	e-mail: kenneth@degala.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
Redaksjon	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
Numedølen	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
Revisor:	Aasmund Flo	91 62 78 71
	Starvn. 76A, 1088 Oslo	
Hedersmerke/ Fortjenestemerke	Jøran Stryse	32 74 63 60
	Levor Traaen	67 13 47 19
Lotterifond:	Walborg Tuft	93 26 23 56
	Knut Kjønaas	41 33 42 00
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
Fanevakter:	Jøran Stryse	
	Svein Aasen	
Valkomite:	Knut Kjønaas	
	Kjersti Aasen	
	Björg Undebakke	



numedalslaget i oslo

BYGDEDANS FRÅ NUMEDAL HAUSTEN 2010

13. september
27. september
11. oktober
25. oktober
8. november
22. november
6. desember
20. desember

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22 Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
200,- for medlemmer
300,- for ikkjemedlemmer
30,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

www.numedalslaget.no



numedalslaget i oslo

Folkedanskveld på søndagar!

Dato	Storsalen 19.30 - 22.45	Halli (minikurs) 18.00 - 19.30	Arrangøransvar
12.sep	Stengård & Rusten (b)		Rundsnuen
19.sep	Svenkerud / Rusten / Nesje	Vågåspringleik	Danselag
26.sep	Spelmannslaget De frilynde (a)(b)	Hallingspr (H-laget)	Numedalslaget
03.okt	Fanteladdane (a)(b)	Stildans	Folkedanslaget
10.okt	Østerdølenes spellmannslag (a)	Finnskogpols	Symra
17.okt	Tonje & Stein Magne (a)(b)	Rørospols	Hordaringen i Oslo
24.okt	Steinsgårdskroken	Vestlandsspringar	Rundsnuen
31.okt	Bærum spellemannslag	Menuett frå Orovais	Danselag
07.nov	Farande Fant		Sogn og Fjordaneriingen
14.nov	Tonje & Stein Magne (a)(b)	Stildans	Folkedanslaget
21.nov	Østerdølenes spellmannslag (a)	Boda-polska	Symra
28.nov	Best før ... (a)	Vestlandsspringar	Sogn og Fjordaneringen
05.des	Sofienberg spellemannslag (a)(b)		Hordaringen i Oslo
12.des	Mumriken	Finnskogpols	Hallinglaget i Oslo
			Rundsnuen
			Danselag
			-- ??


(a) Finnskogpols i løpet av kvelden

(b) Springleik-kule i løpet av kvelden

Sjå meir om danseaktivitetane på: www.bls.no



numedalslaget i oslo



Avsender: Numedalslaget i Oslo, Nordahl Brunsgt. 22, 0165 OSLO

RÅKÅFISKFESTEN 2011:

**RØA SAMFUNNSHUS
LAURDAG 29. JANUAR**

NUMEDALSDANS PÅ FOLKEDANSKVELD

**Søndag 19. september klokka 19.30
Storsalen i Nordahl Brunsgt. 22**

Denne søndagen er folkedansgruppa i Numedalslaget teknisk arrangør for kvelden. I pausa vil vi demonstrere bygdedansar frå Numedal. Kveldens orkester er Svenkerud/Rusten/Nesje. Pris for medlemmer: 80,-.